

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015

Inge Reidar Kallevåg sette fram slikt forslag:

"Alternativt punkt 2:

Fylkestinget viser til at det er meldt oppstart om plan for ny 4-felt E39 gjennom planområdet. For ein areal- og transportplan vil det vera naturleg å ta omsyn til dette og innarbeida temaet tydelegare i plandokumentet. Ein sik ny veg vil ha vesentleg betydning for hovudformålet i planen. Hordaland fylkesting ber derfor om at det vert gjort eit tillegg i planen der dette temaet vert behandla."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 fekk 1 røyst (SV) og fall.

Kallevåg sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 1 røyst (SV).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget i Hordaland vedtek "Regional plan for areal og transport på Haugalandet", datert 11.5.2015 med følgjande endring:
 - a) Retningslinjer 29-34 om landbrukseffektiv drift gjeld ikkje for kommunane Etne og Sveio.
 - b) I unntak frå regional føresegn for handel i punkt 5a på side 32, kan arealgrensa bli auka frå 1000m² til 2000m².
2. Fylkestinget viser til at det er meldt oppstart om plan for ny 4-felt E39 gjennom planområdet. For ein areal- og transportplan vil det vera naturleg å ta omsyn til dette og innarbeida temaet tydelegare i plandokumentet. Ein sik ny veg vil ha vesentleg betydning for hovudformålet i planen. Hordaland fylkesting ber derfor om at det vert gjort eit tillegg i planen der dette temaet vert behandla."
3. Fylkestinget delegerer til fylkesutvalet å gi samtykke til tiltak som kjem inn under regional føresegn for handel. Samtykke skal givast i samråd med Fylkesmannen i Hordaland og kommunar saka gjeld.